Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36 | Fylke: Hordaland
Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Austrheim
Emne: Helsing, fakter og åtferd | Bygdelag: Austrheim
Oppskr. av: Lars Anton Sæbø(?) Austrheim | Gard: Synnevåg
(adresse): Synnevåg | G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Uttrykket "ja" og "nei" dersom ein ikkje seie orda "skarp" ~~att~~ her på desse kantar vert ta tie med ei rörsle. Gjer ein ein nikk med hovudet tyder det ja, men riste ein på hovudet tyder det nei.

Før ei tid attende i min barndom var skikken slik at ein helste på alle ein mötte, anten dei var kjende eller ikkje, men er dette gått or bruk hjå dei unge, men dei gamle helsar enno på alle.

Så vidt som eg huskar var det ikkje nokor regel for kven som först skulle helsa når ein mötte kjende.

Det var ulike helsingar etter som ein mötte folk til. Mötte bygdefolk ein annan tok dei kortje hatten eller huva av. Dei sa god morgon, goddag, eller godkveld eller ~~[illegible]~~ ~~[illegible]~~ tida det var på dag. Men mötte ein slektningar eller kjende som dei ikkje hadde sett på lenge, tok ein dei opp

7466

granda. Men treffe ein presten, lensmannen, eller ein annan embetsmann, strama ein seg opp og tok hatten av.
At folk tok hatten med begge hendene er ukjend her, og ein helste på same måte om ein gjekk i høgtids eller kvardagsklede.
Når folk kom på vitjing helste ein på alle i huslyden, og så på småborna.
Det var ikkje ålment at folk klappa kvarandre på aksla som uttrykk for venskap eller glede, men eg kan hugsa at eg har sett gamle folk gjera det. Eg har også sett at kvinner som ikkje hadde sett kvarandre på lang tid la kinna inn til kvarandre når dei helste.
For femti seksti år sidan tok mennene hatten av seg når ein var på kyrkjevegen og kyrkjeklokka kima. Dei stogga og stod så lenge ringinga varde. Kvinnene stod og stille og lydde, men gjorde ikkje noko.
Møtte ein likferd så stogga ein, tok huva eller hatten av og såg ned til fylgjet hadde gått framom.
Møtte ein eit brudefylgje smilte ein og tok hatten av og helste.
At folk helste på visse dyr er ukjend.
Møtte folk ein annan tidleg på morgonen sa ein godmorn.

7466

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Det kunne ein seia til klokka var fram til åtte eller så; Sidan sa ein goddag. Godkveld sa ein når det leid til kvelds, og tala ein med nokon sa ein godnatt då dei gjekk frå kvarandre.

Gamle folk tykkjer det er usømeleg når ein t. d. seier godmorn midt på dagen eller om kvelden, og dei svarar på gamle måten etter som det lid på dag. men den yngre generasjon tykkjer at dette er som det skal vera, og dei svarar likt med dei som helsar.

At ein helsa med Guds fred er ikkje kjendt her. Men signe arbeidet, og lukka i arbeidet, og signe stræ-vet, og signe maten har vore bruka, og er bruka den dag i dag. Kom ein inn og husfolken sat og åt, sa ein anten: Signe maten eller „vel bekome"

Gamle folk sa også velsigne deg då dei røkte kvarandre på kristelege samlingar. og då svara ein slik: Velsigne deg og.

Når verten tok i mot ein gjest ute på tunet handhelsa dei på kvarandre, og når gjesten kom inn, sa han som regel: „God-dag i stova."

Ville ein tala med husfaren, så banka ein på døra, og kom det nokon annan ut enn husfaren så bad ein om å få husfaren i tale

7466
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Før i tida brukte ein ikkje å banka på dersom det var grannar som lydde inn til kvarandre. Men var det framande som kom, så banka ein alltid på, og ein stod ute til dess ein vart beden inn. No bankar ein alltid på stovedøra før ein kjem inn. Og dei som er inne seir: Kom inn! eller berre, kom!
Kjem ein så inn så seir dei som er inne: Ver så god set deg ned på, Eller: Gå du for sitja.
Den som kom inn vart som regel ståande ved døra til dei bod han. Det hende og så at den som kom inn sette seg attmed. omnen på vedkassen, dersom han var godt kjend. huset.
Hatten eller huva tok ein av seg med det same ein kom inn.
Han hadde hatten eller huva på kneet, eller han la ~~han~~ det attmed stolen som han sat på.
Når fekk stod attmed døra og han vart beden til så sitja, sa svara han slik: Ha takk som byd.
Det vart nok gjort skilnad og så. Var det presten eller lovaren, eller nokon andre som var vyrde, sa skulle ~~dei~~ dei ha beste stolen, eller sessen.
Ein hitt framand, helste slik som andre, ein veit ikkje noko skilnad på det.

7466

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Var det framande som kom, og ein såg det på førehand, så ordna ein opp i stova, la noko på senga dersom det var seng inne, så alt skulle sjå sømeleg ut. Noko slikt gjorde ein ikkje om grannar kom inn.
Var det innbedne gjester som kom, vart ein helsa slik: Velkomen til oss, eller: velkomen til gards! Velkomen skal de vera!
Ved kvardaglege vitjingar sa ein som regel slik: Takk å æra for maten eller berre: takk for maten, ein gamal mann sa alltid takk å æra for maten til dei vaksne, men til småborna sa han: Takk og pris de små.
Då vart det svara slik: Vel bekome, eller takk for de kom.
Dette var ei gild stund.
Til å kyssa kvarandre til avskil er ikkje bruka og ikkje veit nokon om det har vore brukt her på desse kantar.
Til småborn bruka ein å seia: Gje meg ein søs. Dei brukte også å gni nasen sin mot nasen åt barna og kalla det for å byta nase.
Det var begge foreldra og andre vaksne som gjorde det.
Mora og faren eller andre vaksne som var i huset brukte å knipe nasen åt barnet mellom peike- og langfingeren. og dei drog i nasen

7466

7466

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

og sa slik: Kan eg få låna båten din, eg vil ut og ro.

Som kjærleiken ved å leggja kake mot kake var berre brukt mellom foreldre og born, og det kalla ein for å vera god.

Mora kunne seia slik til barnet: Kom og ver god med meg. Då kom barnet med kjaken sin og la det attåt mora sin.

Uttrykket, til lukka kunne vera nytta på mange slag vis.

Hadde ein fått noko nytt t.d. kler eller skor. Då sa ein gjerne. til lukka med det. Ein ~~gjå~~ sa også slik: Slit med helsa. Skulle ein ut på reis, sa ein gjerne: Lukka på reisa, eller: lukkeleg reis.

Til jul sa folk god jul, eller god helg. Til nyår godt år. Ved barnefødsel. Til lukka småen. eller til lukka med barnet. Til lukka sa ein til trulovning og bryllaup og. No har dette til lukka kome mest ur bruk, og ein seier: gratulerar.

Ved dødsfall og motgang har eg høyrt folk sagt. Lukka i all sut og sorg.

Ved dødsfall takka ein heime i huset etter den avlidne var komen i grava. Grannar og skyldfolk vart takka for dei ville visa den avlidne den æra at dei kom til jordeferda.

7466

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Ein kunne uttrykkje vanvyrd-
nad for nokon berre ved fakter
på ymse måtar. Ein kunne
rynka på nasen at ein, eller
vinka av med handa.
Folk som kjenner kvarandre
godt seier alltid du til kvar-
andre. Til framande seier ein
De. Gamle folk seier gjerne
I til byfolk, presten eller andre
som dei trur er store folk. Dei
tykkje I må vera svært fint.
Unge seier aldri I.
Han eller ho i staden for du
eller De vert ikkje nytta her.

7466

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING